ALVER
KOMMUNE
Miljø og tilsyn

Bjørn Kåre Vågenes
Seiersbjerget 8
5022 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Per Sveinar Morsund | 17.02.2020 |
| Vår: 20/356 - 20/8642 | per.sveinar.morsund@alver.kommune.no | |

# Ytterlegare trong for tilleggsinformasjon - gbnr 428/1 Kvalheim nedre

Viser til motteke tilleggsinformasjon med opplysningar om tilkomst og avkøyringstillatelse. Eg har vurdert saka og diskutert problemstillinga med leiar på byggesak. For at vi kan handsame saka utan at det blir søkt om eller gitt avkøyringstillatelse, må det sendast inn dokumentasjon på at eksisterande naustetomter i området kan løyse krav til parkering på eigen grunn. Dei aktuelle naustetomtene er for små til å ha parkering, noko som betyr at ein må ha parkering ved eigen bustad eller anna tilfredsstillande løysing. Det er ikkje angitt eit spesifikt krav i gjeldande kommunedelplan til kor lang avstand det kan være frå parkering til naust, men nyare planar seier opp til 500 meter. Med bakgrunn i dette er det vår vurdering at eksisterande naustetomter må vise til parkeringsmulighet maksimalt 1000 meter unna.

Dersom du ikkje kan løyse krav til parkering som skissert ovanfor eller ikkje får avkøyringsløyve kan du eventuelt be om å trekkje saka og heller søke på nytt ved eit seinare høve.

Ber om tilbakemelding i saka **innan 01.04.2020** med supplerande informasjon eller at du ber om å trekke saka.

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Marianne Aadland Sandvik | Per Sveinar Morsund |
| Avdelingsleiar Plan og byggesak | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Svein Inge Kvalheim | Radøyvegen 2506 | 5937 | BØVÅGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bjørn Kåre Vågenes | Seiersbjerget 8 | 5022 | BERGEN |